

Halling- lyom



Dagsblad for Hallinglaget - i Oslo -

Nr. 1/07

INNHALD

Innholdsliste	side	3
Fyriord	side	4
Info. frå laget, CD'ar til sals	side	5
Innkalling til årsmøte	side	6
Årsmelding 2006	side	7
Medlemspengar for 2007	side	10
Hyttemelding 2006	side	11
Program	side	13
Kjende Hallingar		
- Embrik Bergaplass	side	14
Hallingkvelden 24. mars	side	16
Det store springarkurset	side	17
Rakefisklag på Våleranga	side	19
Ein gild springarkveld	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Hallinglaget ynskjer gamle og nye medlemmer velkomen til eit nytt år. Det året me har lagt bak oss var eit positivt år, for mange var innom aktivitetane til laget. Dette er særst viktig for laget og for oss som driv på. Kjem det ikkje folk er det kroken på døra for lagsdrifta! Styresmaktene synes ikkje folkekunst er spesielt gildt, dei tykkjer betre om operabygg og store konsertar der dei kan slå seg på brystet ovanfor resten av verden og vise at me er ein kulturnasjon. Me som liker folkemusikk og dans må sørge for moroa sjølve. Heldigvis har me kjempeflinke spelemenn som stiller opp og speler for ein rimeleg penge. Instruktørane våre er òg veldig positive og stiller gjerne opp. Det er særst viktig, for utan positive folk går det ikkje. Og eigentleg er det betre å stole på seg sjølv, enn å vera ”avhengig” av stønad frå kommune og stat. For 20 år sidan fekk laget over fem tusen kroner kvart år berre frå Oslo kommune! Dette er historie, og no er også stønader til kurs slik som Hallinglaget gjer det borte. Då er det viktig at folk kjem på kursa og tilskipingane til laget. Det ser ut til at folk gjer det, og det er bra.



*Helgekurset hausten 2006 samla 45 deltakera, som er rekord i Hallinglaget c”,)
Instruktørar var Ulf-Arne Johannessen og Renate Nysted Tønnessen. Spelekvinne/mann var Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset. Ein stor takk til alle som gjorde dette kurset mogeleg!*

Eit mål med dansinga vår er å stille lag på Landskappleiken på Geilo no i år, siste helga i juni! Til å motivere oss og til å vere pådrivarar har me sikra oss Oddmund og Berit. Dei og resten av styret vil arbeide for denne saka, som har mange positive sider. To er openbare: ein blir med i ein triveleg gjeng og kjem i gang med dansinga før ”alle andre” kjem. Og ein får ein veldig rimeleg billett til stemnet. På Landskappleiken vil ein få ein gjennomgangsbillett til rundt 200 kroner, som vil dekke påmeldingsavgift og innmelding i Laget for Spelemenn. Så sett av to fridagar i juni alt no, då er Geilo på sitt beste! Laget håpar at eit par ”nye” gitar vil ta utfordringa, slik at me er sikra minst fem par. Det vil difor bli ein del terping på rundsnuen denne våren. Den må me berre kunne!

Hallingbu, hytta vår i Lillomarka, har hatt bra med besøk dette året òg. Til sumaren må me skifte eit par rotne glas i hytta, elles er hytta i bra stand etter mykje bra dugnadsarbeid. Det å arbeide saman og få til noko er triveleg. Midtrommet kan no nyttast som eit lite ekstrakjøken. No kan difor flest mogeleg samle seg midt i hytta, rundt omnen og hyttekosen!

Storsatsinga denne vinteren er Hallingkvelden 24. mars, sjå meir informasjon side 16.

Laget ynskjer alle velkomen til aktivitetane framover, sjå programmet i midten.

Kos dikkon med Hallingljom!

Terje

Hallingnytt / Gladmelding frå laget

Våre kjære Hyttesjef Bård Kyrkjedelen vart pappa for andre gong på sjølvaste nyttårseftan! Kona hans Nina fødte sin sønn nummer to natt til 31. desember. Fødselen var over i god tid før rakettoppskytinga tok te for fullt. Vegard på snart 3,5 år er stolt storbror. Hallinglaget gleder seg over familieauken til Nina og Bård, og *GRATULERER!*

Hallinglaget har ei god hardingfele til utlån

Hardingfela til Hallinglaget (Einar Løndal frå 1983) er klar til utleige – for eitt eller fleire år (reglane for utleige kan sendast interesserte).

Leiga for eit år har me sett til **800 kr**. Utgifter til strenger/tagl kjem i tillegg, men Hallinglaget dekkjer forsikringa!

Fela er overhala og i god stand, og ho kan leigast omgåande. Så no er det mogeleg for folk å prøve seg på felespel. Det kan vere nyttig å prøve og spele ei tid før ein eventuelt går til innkjøp av eiga fele.

Hallinglaget har CD-ar til sals:

CD-ar til sals:	År	Informasjon	Pris
Vrengja	2002	Øyvind Brabant frå Nesbyen. Meisterleg hallingspel på hardingfele.	kr 125,00
Spelemann og låttesmed	2003	Embrik Bergaplass frå Leveld. Toraderspel av beste merke.	kr 125,00
Perler på ei snor	2004	CDx2, Gunnlaug syng songar frå Hallingdal	kr 200,00
Hardingfelelæte frå Ål i Hallingdal	1997	Magne Myhren spelar kjente slåttar frå Hallingdal. Særs god dokumentasjon!	kr 120,00*

*) Medlemspris: berre kr 100,00!

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2007 I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 7. februar kl. 1900
i
Blåsalen
Nordahl Brunsgt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og
hyttestyret for år 2006
4. Godkjenning av rekneskapen for 2006
5. Arbeidsplan for år 2007
7. Fastsetting av prisar og medlemspengar
8. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3), bladnemnda (3)
og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 1. februar 2007.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2006, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Med helsing
Styret i Hallinglaget i Oslo

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo år 2006

Styret:

Leiar: Terje Grangård
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud
Skrivar: Ola R. Imset
Styremedlem: Else Mohn
Styremedlem: Renate Nysted Tønnessen

Hyttestyre:

Hyttesjef: Bård Kyrkjedelen
Medlemer: Else Mohn og Hilde Kirkebøen

Bladnemnd: Kathinka Mohn, Svein Aasen og Sigrid Egtvedt.

Valnemnd: Kathinka Mohn og Hilde Kirkebøen

Danseleiar: Knut Skrindo

Hallinglaget hadde årsmøte den 8. februar i 2006. Dette året hadde Hallinglaget 39 fullt betalende medlemmer og 11 bimedlemmer.

Våren 2006 hadde laget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Dei som spelte for laget denne våren var Hilde Kirkebøen, Ola R. Imset, Eilev G. Myhren og Huldraleiken Hardingfelelag som er leia av Bernt Balchen. Alle spelte på hardingfele.

Hausten 2006 hadde laget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. Imset, Eilev G. Myhren og Huldraleiken Hardingfelelag spelte. På ei av øvingane hadde me gjestar frå Ål/Røros: Ingunn Stræte Lie og Ulf-Arne Johannessen på torader og Olav Luksengård Mjelva på hardingfele. På alle øvingane er det servert heimebaka kake, noko folk set pris på. Øvingskveldane i hallingspringar har hatt eit oppmøte på 10–30 personar. Styret synes at dansekveldane har tatt seg opp og det er bra, for det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden.

Dei tillitsvalde i Hallinglaget har hatt to styremøte i vårhalvåret og eit styremøte i hausthalvåret, der me har planlagt aktivitetar og drift. Desse har me hatt hjå kvarandre og i Blåsalen før ei springarøving. Turen til Gro Sissel på Nesodden i mai, med båttur i sol og med fantastisk middag, var eit høgdepunkt for oss som gjer ein jobb i styre og stell. Elles er E-postmeldingar særns nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar (22. jan. og 1. okt.), i ein og ein halv time før Folkedanskvelden. Det fyrste kurset samla 12 deltakarar og det andre 16. Laget takkar Else Mohn og Terje Grangård som stilte opp som instruktørar, og Ola R. Imset som har spelt hardingfele på kursa. Desse minikursa har skapt blest om laget og har vore vellykka. Men laget

må dekke alle utgifter, så desse kursa er ein dugnadsinnsats som har skapt ei viss rekruttering. Hallinglaget er no det einaste bygdlaget som klarer å skipa til slike minikurs.

Mange medlemmer frå Hallinglaget deltok på Den norske folkemusikkveka på Ål siste helga i mai. Også i år fekk laget vist seg fram då me dansa lagdans på Bygdamønstringa og Ola R. Imset spelte. Om morgonen fredag og laurdag (kl. 10.00) er det springar på kulturhuset. Dette er ei særst viktig formidling av dansen til dei som kjem til Ål. Her er både mange unge og eldre med og som vanleg deltek mange medlemmer i Hallinglaget. Nytt av året var ein myldrekveld på Kulturhuset fredagskvelden, der det var dansespel både på Hovudscena og i Syningen til langt på natt. Elles vart den makelause framsyninga "Laus" vist to gonger. Noko liknande har ikkje vore vist før, denne danseframsyninga vart også vist på Folkelarm her i Oslo i haust. Den er så bra at det kjem til å blir fleire framsyningar av denne. Elles var det mange fine konsertar på Ål i år òg, så det har aldri vore selt fleire billetter. Det fyrste året som Ingunn Stræte Lie var leiar av Folkemusikkveka vart ein suksess.

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 11. juni samla også dette året nokre medlemmer frå Hallinglaget, og Terje var med i arrangementsnemnda. I år var det skikkeleg sommarvêr, så all dans og framsyningar var ute. Det var Hilde som spelte på bygdedansen og framsyninga for Hallinglaget og Valdreslaget. På kvelden spelte Østerdølenes Spelemannslag særst bra som vanleg. Det kom ein del folk i det gode vêret dette året, men det hadde vore plass til mange fleire, så møt opp neste år. Hallinglaget kan skaffe fribilletter til dei som er medlemmer i laget.

Onsdag 14. juni var den årlege Spikjikkjøtturen til Hallingbu. Det vart mykje god mat på dei seks som deltok på turen. Årsaka til at me var såpass få, var vel at me hadde hatt fleire dugnader til Hallingbu rett føreåt. Dei som var med hadde ein veldig fin tur.

For fjerde gong klarte Hallinglaget å samle ein stor gjeng på Landskappleiken, som i 2007 var lagt til Valdres og fjellbygda Beitostølen! Mange telt og bilar omkransa "Hallingtunet", og som vanleg var det triveleg der. Dette året var det så varmt og fint vêr at alle likte seg ute. På grunn av kulden og blåsten året før var det mange som hadde søkt seg innomhus, og sikra seg hytter av ulik storleik. Det var ein særst bra kappleik med dansing på mange golv, både bygdedans og gammaldans. Det har ikkje vore betre, det må valdrisen ha, det er ikkje mange som slår dei når dei set i gang. Det var moro at Jan Beitohaugen Granli vant A-klasse hardingfele på heimebane. B-klasse hardingfele vart vunne av Thea Tunås Bratteng med Olav Luksengård Mjelva på andre plass. Dei unge dansarane frå Torpo og Ål vant "alt som var" av dans! Eg fekk med meg mange store danseopplevingar. Til dømes 15-20 ungdomar under 18, som dansa springar så bra og med slik glede at ein måtte gje seg over. Dette vart ein kappleik av rette slaget, og til neste år er det Landskappleik på Geilo! Takk til alle i laget som var med.

Folkelarm var i år lagt til helga 29.-30. september. Det vart som i fjor ei stor oppleving, med musikk frå heile tre scener på same tid. Mellom anna ei akustisk scene med mange bra innslag. Så her var det noko for ein kvar smak, og det var mykje folk, spesielt mange ungdomar under 25 år! Takk til Laget for Spelemenn som har klart å skipa til eit nytt arrangement som samlar veldig bra med folk i Osloområdet.

Denne hausten gjorde Hallinglaget ei dugnadsoppgåve for Bygdelagssamskipnaden i Nordahl Bruns gate 22. Nokre frå laget vårt pussa opp kiosken som sårt trengje både vask og måling. Her fekk laget inn kjærkomne pengar til lagsdrifta. Ein kjempestor TAKK til Berit, Else, Svein og Archie.

På Oslokappleiken 21. oktober klarte ikkje Hallinglaget å stille lag i lagdansen, me vart for få! Oslokappleiken i år vart skipa til med tevlingane i Nordahl Bruns gt. 22 og festen vart halde i eit triveleg lokale på Torshov i Holsts gate 3 (Sagene Festivitetshus).

Hallinglaget skipa til eit stort kurs i hallingspringar helga 11.–12. november i Nordahl Bruns gate. Instruktørar var Ulf-Arne Johannessen og Renate Nysted Tønnessen. Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset var spelemann som spelte kvar sin dag. Endeleg lukkast me med PR-arbeidet, folk meldte seg på så ein fekk bakoversveis, spesielt gitar! Det var 45 påmeldte til kurset som kan vere rekord Hallinglaget si historie (skipa 1899). Dette vart eit sær bra kurs, der særleg Ulf-Arne imponerte med klar og tydeleg instruksjon både til nye og røynde dansarar. Renate var også i storform og synte jentedansen bra. Dei som var med på kurset fekk tak på dansen og var sær fornøgd med kurset. Sjølv om me var mange klarte damene i laget (spesielt Else og Berit) å lage til veldig bra formiddagsmat begge dagane.

Tidleg i november vart Hallinglaget kontakta av BUL med ynskje om å skipa til eit kurs i hallingspringar i lokala deira i Rosenkrantz gate. For dei kunne ikkje vere med på helgekurset då dei var opptekne med teateroppsetjing og leikfest den helga kurset gjekk. Gro Sissel, Terje og Ola tok utfordringa og gav dei kurs over tre tysdagskveldar! Kurset vart ein suksess med omlag 20 deltakarar, så kor mange kan ikkje koma på øvingane i år?

Hallinglaget arrangerte Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 12. mars og 19. november. Laget har tatt på seg denne oppgåva att etter mange års opphald! Det er så vidt Folkedans-nemnda klarer å halde liv i desse dansekveldane, sjølv om dei får dei beste gammal-dansgruppene til å spele der. Om folk ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må kvar og ein av oss ta ein tur i ny og ne og helst få med seg ein ny danseglad person.

Laurdag 18. november var mange på Rakafisklag hos Kathinka Mohn, som bur i eit triveleg hus på Vålerenga. Med god hjelp av Else Mohn laga dei til denne festen for tredje gong. Med omlag 20 frå Hallinglaget til stades, vart det gild dansing i den fine telestugu som er integrert i bustaden. Spelemenn var Ola, Bjørg Irene og Sigrid. Dette er eit storarta tiltak som har gjeve rakafisken fleire tilhengjarar, og Hallinglaget.

På siste springarøvinga før jul (6. desember) hadde me ei fin juleavslutning, Småmatfesten er tradisjon etter 5. året på rad! Berit Grøtt Ellefsen, Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Svein Aasen og Terje Grangård laga småmaten i år. Saman med lefsekling, flatbrød og lettøl var det mat som smaka. Omlag 27 personar deltok, og etterpå dansa me til fela hans Ola. Me hadde òg eit triveleg innslag med Halvar Opheim som spelte eit par gammaldansar frå Torpo og eit par polsar! Det var mykje folk på golvet!

Fela til Hallinglaget har diverre ikkje vore utleigd dette året heller. Laget ynskjer å leige ho ut så snart som råd, så interesserte må kontakte laget.

Lagsavisa Hallingljom har kome ut i to eksemplar dette året. Noverande bladstyre har gjeve ut desse utgåvene og det har vore sær bra aviser. Fleire er vorte flinkare til å skrive bidrag til lagsbladet. Det har resultert i at dei siste avisene har blitt ekstra gode. Også dette året har Terje laga aktivitetsguidar vår og haust og oppdatert nettsidene til laget. Ein stor takk til alle som har tatt i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i lagsbladet!

Elles må festen 4. dag jul på Torpo nemnast, der var det mykje folk frå Hallinglaget. Heile 12 personar overnatta hjå Geir Tretterud, som bur like ved danselokalet Hugnadsheim. Ein stor takk til Geir. Dette var ei særst fin avslutning på eitt av dei mest aktive åra i Hallinglaget i nyare tid.

Terje Grangård

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2007

Også i år blir studentar og ungdom mellom 16 og 25 år subsidierte, for om mogeleg å få med fleire unge. Så her kjem ei oppfordring til alle: få med fleire ungdomar og dansarar i laget!

Fullt medlemskap for vaksne er som i fjor: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna BLS-lag: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg vanlegvis ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal helst snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet, for elles blir det unødige bruk av tid og krefter i laget for å finne ut kven som har betalt!

Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.
-

Årsmelding for Hallingbu 2006



Hallingbu i mars, snøvinteren 2006.

Hytta har hatt jamleg besøk i 2006. Litt statistikk har eg laga i år også:

Turar til Hallingbu totalt, i 2006	Overnattingar i 2006	Besøkande (medlemmer og andre)
15	6	20

Etter å ha lese igjennom hyttboka den 7. januar i år, ser eg at Hallingbu har hatt besøk omtrent som me er vant med.

I 2006 var det folk i hytta frå dag ein. Else, Josie og Andrei feira nyttår der oppe. Det var sikkert ei fin oppleving.

4.de februar var Terje der og spadde snø av taket. Det var mykje snø i fjor vinter, så det trengdes. I år ser det ut til at du ikkje blir like sveitt Terje. Det er no ca 2cm snø på taket.

I mars var òg tre lagsmedlemmer på dagsbesøk, men fyrst 7.de mai vart det lagstur med 6 deltakarar. Noko snø låg framleis att i skogen, men rundt hytta var det bart og fuglesongen var livleg, skreiv Oddmund.

10.de juni vart det også tur til Hallingbu. Denne dagen var derimot valdreshytta det endelege målet. Dei har laga ein stor og flott danseplattung, som vart feira og dansa på utover den lyse junikvelden. Hyttesjefen derimot gjekk vidare aleine, og hadde ein fin tur ned att til Kjelsås.

Spikjikkjøtturen den 21. te juni vart prega av regn fyrste delen av turen, men det lysna og vart ein fin tur denne gongen også, for dei seks som turte bli med.

I juli var det sumarferie, så neste besøk vart 9. og 20. August. Då vart det måla skuffar og skåp bokstaveleg tala. Kjøkkenet vart påbegynt før sumaren, men midtrommet har no fått inn eit par fine skåp, som passar godt inn i hytta. Etterkvart kan me ta i bruk dette rommet, som kjøkken. Spesielt vinterstid er det ynskeleg fordi det ikkje blir varmt i det andre kjøkkenet.

I september var det dugnadstur med overnatting. Då tok me i bruk den nye motorsaga, som me for ein rimeleg penge har kjøpt av far til Terje. Den var sær god og med den fekk me kapp opp resten av den kjempestore knudrete bjørka me felte i 2005.

I 2007 vil me bytte ut glaset i yttergangen og på gamlekjøkkenet. Eine spila rauk i sumar, og då såg me at glaset var heilt morkent. Me tenkjer på å kjøpe to Røros-glas, eller noko liknande. Om det er nokon som har gode kontaktar, so gje uss eit tips. Elles må me prøve avslutte prosjektet med kjøkken på midtrommet, og så finn me kanskje på å felle eit par busker til, kven veit?

Kan hende blir det litt mykje dugnadsarbeid på turane, for i hyttEboka står det å lesa at det på ein overnattingstur, i søvne vart ropt ut: '**...og kosten står der borte!**'. Det får bli dei avsluttande orda i år.

Hyttestyret ved
Bård Kyrkjedelen



Gro Sissel og Else gjorde ein fin jobb med nyekjøkenet. Her med oppvasken!

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 10. jan. Springarøving kl. 19.00.
- 24. jan. Springarøving kl. 19.00.
- 14. feb. Springarøving kl. 19.00.
- 7. mar. Springarøving kl. 19.00.
- 21. mar. Springarøving kl. 19.00.
- 18. apr. Springarøving kl. 19.00.
- 2. mai. Springarøving kl. 19.00.

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 4. februar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola R. Imset spelar!
Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det
blir springardans ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

Onsdag 7. februar, kl. 19.00 presis:
ÅRSMØTE I HALLINGLAGET, i Blåsalen.

Helga 17. – 18. mars: Vintertur til Hallingbu.
Interesserte må melde seg på til laget slik at turen kan samordnast.

Laurdag 24. mars: Hallingtreff / Påmeldingsfest
i Nordahl Bruns gt 22! Med **gjesteartistar frå Hallingdal!**
Bygdefest med bordsete, mat og tilbehør. Støtt eksperimentet!
Bli varme i trøya te Landskappleiken på Geilo ...
Møt opp i tidsrommet 18.30 – 24.00

27. april - 28. april: Buskerudkappleiken på Ål

21. mai – 27. mai: Folkemusikkveka på Ål!
Her blir det mykje kjentfolk frå laget. Ta fri nokre dagar i mai!

Sundag 3. juni: Bygdelagsstemnet på Bygdøy.
Hallinglaget dansar på platingen ein liten halvtime frå
omlag kl. 16.00. Dei som dansar kjem inn gratis!

Onsdag 13. juni: Spikjokjøttur til Hallingbu!

Laurdag 16. juni: Konkuranse i musikk og dans
Prestfoss, Sigdal. Påmelding innan 17. mai

22. juni - 24. juni: Folkekulturfestivalen 2007.
Tre døgn med NU-stemne, kappleik, teater, dans og fest!

27.juni –1. juli: Landskappleik på GEILO !

VELKOMNE SKAL DE VERA!
Meir info. på www.hallinglaget.net

Kjende Hallingar



Embrik Bergaplass

Født: 1925

Toraderspelemann frå Leveld.

Yrke: Bygdesmed og Rørleggjar .

LP-plate: «Ha du kji hoppa...»
(1981)

CD-plate: «Spelemann og låttesmed»
(2003)

Bustad: Leveld.

Gift med Ågot (født Håheim).

Telefonintervju,
laurdag 6. januar 2007.

Hallinglaget har hatt eit triveleg telefonintervju med Embrik Bergaplass, den legendariske toraderspelemannen frå Leveld som har vore med på å utvikle toraderspelet slik det er i dag. Ingen som har sitte og høyrte på spelet til Embrik, eller aller helst har dansa til det, er heilt uberørt. Det blir gode minner, der spelet også har noko å si for folk som veks opp i dag. Han har hatt mange elevar som han har lært opp gjennom åra. Av dei seinare er vår tidlegare leiar Ingunn Stræte Lie som spelar "Silde Per", ein av låttane til Embrik, på same vis som meisteren sjølv. Han har for tida elevar frå Ole Bull Akademiet på Voss og var seinast i haust på Musikkhøgskola og spela for dei som spelar torader der. Spelet hans synes å vere redda og overført til komande generasjonar, også fordi han har fått gjeve ut både ein LP og ein CD. Men som han sa: ristetak krev noko øvels!

Fyrst lite om arbeidskaren Embrik Bergepllass, han kan meir enn å spela torader. Han har drive med mykje rart som han sa. Det var ikkje beinent å finne seg arbeid rett etter krigen. Etter 3-4 år på Geilo Knivfabrikk syntes han det var nok fabrikkarbeid, det vart kjedeleg i lengden. Han gifta seg og flytta heim att til Leveld i 1951 og starta opp med ein kombinasjon av snekkarverkstad og smie saman med faren Lars. Her laga dei all slags hesteredskap. Dei laga tømmerdoningar (bukke og geit), ulike hestekjerrar, høylvogner og trillebårer. Etter som traktoren tok meir over vart det også traktorredskap. Variert og inspirerande arbeid, og som eit apropos til prisauken sa han at dei i 1955 tok 5 kr./time!

Ved eit tilfelle kom han bort i rørleggjararbeid. Han vart med ein nabobonde for å hjelpe han som assistent. Det vart meir og meir av dette og dette arbeidet låg godt til rette for han. Embrik tok etter kvart diverse kurs og til slutt meisterbrev! Han har ikkje gjeve seg med rørleggjararbeid enno! Han hjelper folk no og då, men som han sa det var lite verre å krabbe inn under ein vask i eit kjøkenskåp no i sitt 82. år!

Men det er jo toraderspelet Embrik fyrst og fremst er kjent for, samt at han er ein utruleg likandes kar. Fingrane hans er like mjuke! Eg har vore så heldig og få oppleve han mange gonger under Folkemusikkdagane på Ål, og minnest alle desse møte med stor glede. No er det vel 25 år sidan Embrik Bergaplass gav ut LP'en «Ha du kji hoppa...», ei plate med blanding av runddansmusikk, springar og laus. Den neste plata var ei CD-plate som hadde slepp under Folkemusikkdagane i Ål i 2003. Også denne CD'en inneheld både gammaldans, springar og laus. Musikken er ekte og av beste merke. Det er musikk som gjer ein glad, eit godt teikn på at musikken og spelemannen er søkkande god.

Som det står i boka inne i CD-plata “Spelemann og lättesmed”:

“CD-plata du no held i handa er eit stykke norsk kulturhistorie. Å høyre Embrik Bergaplass frå Ål (1925) i Hallingdal spela laus og springar på torader er ei gripande og sjeldan oppleving: gripande fordi han spelar med eggjande driv og melodiske påfunn, sjeldan fordi han er av dei få spelemenn i Noreg som spelar bygdedansmusikk på torader. Embrik formidlar denne tradisjonsmusikken slik han lærde den av far sin Lars Bergaplass (1894-1963) og sambygdingen Ola S. Oleivsgard (1900-1975), kalla Vesle-Ole.

Dei 27 låttane på CD-plata er kjernen i repertoaret til Embrik. Her finst springar og laus men også runddanslåttar. Sistnemnde er sterkt farga av motivoppbygginga i bygdedansspelet, noko som gir eit alderdommeleg preg. Embrik Bergaplass er ein spelemann av det gamle merket. Her finst ikkje gradvis saktare tempo mot slutten av låtten, eller andre kunstmusikalske element. Embrik byrjar og sluttar når han vil Det er ikkje noko forsøk på å maskere nølande byrjingar eller brå avslutningar. Alt er autentisk

Spelet til Embrik er frå den gamle tida. Han spelar springar og laus på radaren slik det har vore utført heilt frå instrumentet kom for over 140 år sidan. Han har flest springarar på repertoaret, men spelar også runddanslåttar. Embrik har òg makta å utvide springarrepertoaret ved å overføre nokre hardingfelelåttar til toradaren på eiga hand. Han gjer det ein ekte spelemann skal gjere, å forvalte ein musikktradisjon og samtidig fornye den.”

Embrik har òg god humor. Ein kan tenke seg kor mykje moro han har sett og opplevd alle desse åra han har spelt. Ei lita historie kjem her: Under krigen var det mange dansegolv både her og der ute. Han mintest eit stort danselag der somme hadde fått i seg mykje svingsaft innabords. Ein av desse karane dansa seg utafør heile dansegolvet. Han for oppå golvet att og sa: ” koss farken er det spelar mann!”.

For underteikna har Embrik Bergaplass alltid vore ein kjær spelemann å høyre på og danse til. Heilt sidan eg fyrste gong hørde han på ein fest Hallinglaget skipa til på Veterinærhøgskola ein gong på 80-talet! Eg hadde ikkje vore rundt noko på den tida, og høyrd folkemusikk! Det var ei overrasking å høyre kor kolossalt toraderspelet fengde, på meg og andre! Eg hadde ikkje

dansa mykje då, og sleit litt med både rundsnuen og anna. Men no gjekk det av seg sjølv, og eg skjønna at både jenta og spelemannen har alt å si for dansen! Eg kjem aldri til å gløyme Embrik då han tok nokre ekstranummer under oppryddinga, og fekk ei vakse stor jente frå Vestlandet til å danse laus så stakken flagra. Då skjønna eg meir av kva ”ha du kji hoppa...” stod for.

Eg minnest også den store danseringen på Festkonserten i 2005 på Ål, der mange frå Hallinglaget var med. Det var søkkande moro å danse til spelet til Embrik, både på øvinga før konserten og på scena i ein feststemt sal! Dette vart eit lyft for laget, dei åtte som var med syntest det var gildt!

Gildt var det også å høre Embrik på Jørn Hilmestemnet i sommar, der han deltok på den store konserten laurdagskvelden som var ei mønstring av dei beste frå Hallingdal og Valdres. At ein 80 åring kan spele slik som han gjorde då, er så moro at ein blir rørt.

Eg veit elles litt om kva han bidreg med på aldersheimar og institusjonar rundt omkring. Når Embrik spelar livnar alle til og får at glimtet i auga. Eg vil ynskje Embrik alt godt framover, og håper at eg får oppleve han mange gonger til.

Ved Terje Grangård

*** * * Stor HALLINGKVELD den 24. mars! * * ***

Hallinglaget vil skipa til ein gild **Hallingkveld** i Nordahl Bruns gt. 22 **laurdag 24. mars**. Me vil samla mange av dei beste spelkrefte i frå Hallingdal og Oslo c’)

Dei største stjednu’n som kjem er **Øyvind Brabant** og **Ulf-Arne Johannessen!**

Det blir Konsert! Det blir både springar og gamaldans, dvs. noko for ein kvar smak! Og det blir eit triveleg bordsete med spekemat og alt tilbehør. Til drikke får alle ei øl eller ei brus, og det vil bli høve til å kjøpe seg øl/brus etterpå.

Kvelden vil vare frå 18.00 til 01.00 og koste kr. 200,-

Meld deg på alt no. Vil du vete meir kontakt ein av personane nedanfor, så får du info. Send mailadressa di til: grangard@c2i.net om ikkje Hallinglaget har ho alt!

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (22 52 22 67 / 48 20 46 52), Epost: grangard@c2i.net

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), Epost: berit.ellefsen@dnbnor.no

Ola R. Imset (90133907), Epost: ola@imset.net

Hallingspringar - for tida den mest populære bygdedansen i Oslo?

Helga 11. - 12. november skipa Hallinglaget til sitt årlege helgekurs i hallingspringar.

I førehandsomtala av kurset i Hallingljom 02/06 skreiv leiaren vår Terje: "*Møt opp og bli ein betre dansar! Gutar er særst velkomne! MELD DYKK PÅ I GOD TID! HØYRER DE GUTA!*"

Dette gjorde tydelegvis inntrykk, særleg på gutane Påmeldingane strøyma på og nokre dagar før kurset lurte Terje på om han måtte seia i frå om at no var kurset fullteikna.

Etter kurset kunne kasseraren vår Gro Sissel fortelje at 24 gutar og 21 jenter hadde betalt kurspengane, totalt 45 personar sjølv om ikkje alle var med begge dagane. Det må vera mange år sidan det har vore så mange på helgekurs i bygdedans i Nordahl Brunsgt. 22.

Instruktørar denne gongen var Ulf - Arne Johannessen frå Ål, A-klasse dansar, og ein av dei beste dansarane i Hallingdal i dag. Med seg til å lære jentene sviving og andre spesielle steg for jentene hadde han Renate Nysted Tønnessen frå Lista. Renate dansar mange forskjellige bygdedansar, er god til å vise kva jentene skal gjere, og har studert dans både på Rauland og i Trondheim.

Til å spele for oss hadde vi hardingfelespelarane Hilde Kirkebøen på laurdag og Ola Imset på søndag. Begge har eggjande og drivande godt dansespel slik at kriblar i dansefoten heile tida.



Situasjonsbilde frå kurset, som viser Renate og Ulf-Arne, og spelemannen Ola Imset.

Ulf - Arne har etter kvart halde mange kurs og veit korleis han skal leggja opp instruksjonen for at deltakarane skal få størst mogeleg utbytte. Personleg syns eg at dette er det beste kurset han har halde – og så flink pedagog som han er. På laurdagen vart det mykje trening på grunnsteg og finne den rette takten og rytmen i dansen, men likevel kom vi gjennom alle "hovudmotiva" inkl. rundsnuen. På sundagen vart det repetisjon av det vi lærte på laurdagen pluss litt ekstra trening på spesielle steg for gutane samtidig som Renate tok seg av jentene slik at dei fekk trene spesielt på sviving. Renate peika spesielt på at jentene også må ta ansvar i dansen og ikkje berre la seg føre av gutane. For at samdansens skal bli bra og for at både guten og jenta, begge skal gløyme alt anna enn dansen må også jenta vise initiativ og svara på appellar frå guten.

Sjølv ikkje ein springardansar klarer seg utan mat og drikke. Her hadde styret med Else og Berit i spissen laga til litt ekstra godsaker. Vi fekk heimebaka brød, spikjimat, eggerøre, sildesalat, ost, heimelaga syltetøy, kaffi, te og mineralvatn m.m. - reine hotellunsjen begge dagar.

Takk til Ulf - Arne og Renate for framifrå inspirerende og lærerikt kurs. Takk til Hilde og Ola for drivande godt dansespel.

Hallingspringar er ein utruleg fin dans, og ein vært meir og meir glad i dansen til meir ein lærer og vågar sleppe seg laus - og nyte samdansens med jenta - litt flørtig høyrer også med.

Til dykk som var med på kurset eller har gått kurs før: Bruk sjansen no til å øve meir på denne fine dansen før det blir glømt det du allereie har lært. Hugs: Øving gjer meister gjeld i alle fall i dansing. Det er i seg sjølv grunn god nok til å møte opp på øvingane i vårhalvåret.

Til slutt takk til Terje og resten av styret for at dei gjer så mykje for at hallingspringaren skal overleva i Oslo og bli mykje bruka i bygdedansmiljøet i hovudstaden. Den store oppslutningen om kurset er eit bevis for at styret gjer ein god jobb slik at dansegilde jenter og gutar har fått augo opp for hallingspringaren. Vil samtidig ynskje alle eit godt nytt danseår i 2007.

Svein

Rakefisklag på Vålerenga

LAURDAG 25 NOVEMBER smaka rakefisken fortreffeleg da Vålerenga rak-, spel- og dansarlag kalla inn til jule-/haustgilde.

20 stykke hadde funne vegen til Kathinka denne novemberkvelden. Ved bordet fekk vi ikkje berre gleda av god mat og drikke, men også underhaldning i form av song og stev heile vegen frå Israel til Telemark. Berit hadde baka kake til kaffien, og Svein bidrog med ei stor flaske aquavit – takk o takk!



Lisbeth og Ola kom omtrent rett frå familielag, men sistnemnde sparte seg ikkje av den grunn og spela opp til dans – og da er det ikkje råd å bli sittande stille. Ein gong mellom øktene sprang Bjørg Irene ut på lette føter nedover Vålerenggata og henta toradaren sin, og så fekk vi svinga oss til dansespel med toradar og med Sigrid på ein fløyte-topp!



Underteikna rusla heimover, eit steinkast lenger ned på Enga, ein gong etter midnatt godt nøgd og budd på å ta fatt på det som ev. måtte koma av rusk og rask i julehøgtida.

Else

Kjempeøving i Hallinglaget i haust.

Det var ei øving utanom det vanlege i haust, der alt klaffa - om ein ser bort frå at det kanskje var for få gitar? Øvinga 27. september starta litt vanskeleg, for alle våre kjære spelemenn/ kvinner var opptekne! Hilde var i Finland, Ola var på fjellet på jakt og Eilev var i Trondheim for å lansere oversetjinga si av Ringenes Herre til nynorsk, ja eigentleg ålingsmål! Då fann eg på å sende ei melding til vår tidlegare leiar Ingunn Stræte Lie, og då ordna alt seg. For sjå kva ho skreiv:

Hei Terje!

Eg har prata med Olav og Ulf Arne, og me kjem alle tre! Då vert det både torader og hardingfele! Så då kan du berre starte å reklamere for øvinga!

Me gledar oss !!

Ingunn

Det er då det moro å vere leiar i laget, når ein får noko te!



For ei øving der kvinnene var i fleirtal!. Her er nokre av dei avbilda saman med Olav som tok siste økta og spela hardingfele så me fekk dansa metta vår. For å få vite kven alle jentene er må du møte på ei øving du òg!

Fyrst var det Ingunn som spelte opp toraderen, og så tok Ulf-Arne Johannessen ei økt. Folk lurte og glante inn i Blåsalen for å sjå kva som var på gang. Det var ålingslæte av beste merke! Til slutt spelte Olav Luksengard Mjelva på hardingfela som berre han kan. Han var spelsugen og spelte fleire ekstra slåttar.

Eg trur det var omlag 30 personar på denne øvinga, det var minst 10 gitar og nesten 20 jenter. Det var i grunn eit avspark på ein særdeles aktiv og vellykka haust. Ein stor takk til desse unge gjesteartistane som gjorde denne kvelden mogeleg. Det var skikkeleg moro! Ikkje til forkleinelse til dei sær gode spelemenn me har, det var berre noko nytt og annleis

Vel møtt i 2007, då blir det meir moro! *Helsing frå Terje*

Folkedanskveldar våren 2007

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, minikurs i Blåsalen (kr 100,- for heile kvelden).

kl. 1930-2245, i Nordahl Bruns gt 22, OSLO

Dato	Storsalen	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
14. jan	Husk gammeldansorkester		Numedalslaget i Oslo
21. jan	Veggpyrden		Leikarringen i BUL Oslo
28. jan	Bærum spellemannslag	Polskor	Sogn og Fjordaneringen
04. feb	Nysst	Hallingspringar	Rundsnuen Danselag
11. feb	Østerdølenes Spellmannslag	Rørspols	Oslo Songdanslag
18. feb	Deltakarane		Leikarringen i BUL Oslo
25. feb	De frilynde	Polsdans frå Finnskogen	Hordaringen i Oslo
04. mar	Flatlusa Spelemannslag		Ungdomsringen i BLS
11. mar	AskerLadden	Stildans	Leikarringen Symra
18. mar	Best før ...		Hallinglaget i Oslo
25. mar	Husk gammeldansorkester		Rundsnuen Danselag
15. apr	Nysst	Polskor	Hordaringen i Oslo
22. apr	Steinsgårdskroken		Sogn og Fjordaneringen
29. apr	Østerdølenes Spellmannslag	Stildans	Leikarringen Symra
06. mai	Farande Fant	Parhalling	Hordaringen i Oslo
13. mai	Rusten & Stensgård	Sangdans	Oslo Songdanslag
17. mai			Folkedansnemnda BLS
20. mai	Bærum spellemannslag	Stildans	Leikarringen Symra

Inngang: Medl. Kr 60,- ikkje medl. Kr 100,-

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no, telefon: 913 22809

Styret i Hallinglaget 2006–2007

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@c2i.net
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf. 6691 3753 – heime Tlf. 4803 4943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Ola R. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: ola@imset.net
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Renate Nysted Tønnessen Vallefarete 16, 0663 Oslo	Tlf. 9955 2650 - mobil, E-post: renatenysted@yahoo.com

Bladstyre for Hallingljom:

Kathinka Mohn, Sigrid Egtvedt og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til:

E-postadresse: kathinka.mohn@parat.com eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Bård Kyrkjedelen,
Ånnerudskogen, 1383 Asker. Tlf.: 6690 3998 – heime
E-post: bard.kyrkjedelen@c2i.net

Medlemer: Else Mohn og Hilde Kirkebøen.

Revisor: Alix Cordray

Tlf.: 2225 2949

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og
www.dans.laus.no!

Hallingbu



EPB
JR.96